



Mykje godt å velja !!

**Festidalen-frukosten i dag, som vart servert for 3. året, slo alle tidlegare rekordar. Ut frå det som gjekk med, reknar ein med at minst 350 som fekk eit godt startmåltid for dagen på Systrene Nilsen. Stemninga var særdeles god rundt borda, og det vart sagt at dette understreka det solide og gode inntrykket av Festidalen.**



Nokre av dei første gjestene. Jostein Skaala(t.h.)

Det var Spar Uskedalen som stod for frukosten i samarbeid med Festidalen. Spar tok seg av alt det praktiske arbeidet med førearbeid i går og gjennomføring i dag. I dag stilte dei med 5-6 under frukosten. Imponerende samstundes med at det var ekstra stor aktivitet i butikken!

Ein av dei første som stilte til frukost var Jostein Skaala frå Bergen. Han syntest at frukosten var eit fantastisk tiltak, og han uttalte seg svært rosande om Festidalen elles også. Han hadde vore 3 - 4 gonger på Festidalen.

- Det er ein veldig kjekk festival. Det er så god stemning her, og det var i alle fall kjempebra i går, sa han mellom anna.

I løpet av dei to timane frukosten varde reknar ein med at det var minst 350 gjester. Talet har ein komme fram til utifå at det gjekk med 400 rundstykke, over 200 brødsiver og godt over 400 tallerkenar. Gjestene var ei fin blanding av fastbuande frå heile Kvinnherad, faste feriegjester og tilreisande i samband med Festidalen. Alle fekk seg eit særdeles godt gratismåltid med egg og alle variantar pålegg, ulike typar juice, melk, kaffi og te og eit rikholdig fruktutvalg. Herleg var det!

Praten rundt borda gjekk godt. Innhaldet var så langt eg kunne høyra særdeles positivt, og tema var kanskje litt smalt. Alt handla om Festidalen. Å du, å du, kor folket kosa seg!



Med så mange gjester vart det jo til tider tett med folk rundt bordet, men avviklinga gjekk svært rakt og effektivt!



Frivillig-veteran Odd Skjoldal frå Samnanger og dottera og barnebarna vår nokre av dei som kosa seg med frukosten.



[Dette gjev ein god start på Festidalen-dagen!](#)

Tekst, foto og nett: Thor inge Døssland.